

## Saksgang ved kommunedelplan

Kommunedelplanar gjeld for ein avgrensa del av kommunen og er som kommuneplanen ein overordna plan. Planen består av plankart, bestemmelsar og ein beskrivelse med målsetningar for planarbeidet.

Som eit ledd i varsling av planoppstart skal det alltid utarbeidast eit planprogram. Dette skal gjere rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, medvirkning, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utredningar.

Offentlege instansar og interesseorganisasjonar blir varsla ved planoppstart. Offentlege instansar er for eksempel fylkesmannen, fylkeskommunen, vegvesenet, nabokommunar, kabel-/ledningseigarar, politiske utvalg i kommunen, barns representant, skular m.m. Fleire av dei offentlege instansane kan koma med motseiing. Det vil seie at planen ikkje kan godkjennast av kommunestyret uten at krava i motseiingane er innfridd. Private berørte kan koma med merknadar til varsel og offentlig ettersyn. Saksgangen for kommunedelplan er lista opp kronologisk under. Ein planprosess kan vare 1 år til fleire år.

## Saksgangen steg for steg

- 1. Utkast til planprogram**

Administrasjonen utarbeidar utkast til planprogram, som legges fram for kommuneplanutvalget for behandling.
- 2. Høyring av planprogram og varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplan**

Etter at utkast til planprogram er vedtatt lagt ut til høyring av kommuneplanutvalget, legges planprogrammet ut samtidig som det varslast oppstart av planarbeid. Varslinga sendes til offentlege instansar og interesseorganisasjonar i området. Arbeidet blir òg varsla på kommunens heimeside og i lokale aviser, og har ein høyringsfrist på vanlegvis 6 veker.

Sjølv om du ikkje får eige varsel i posten, har alle moglegheit til å koma med innspel. Det er viktig å skilja mellom innspel til planprogram og til varsel om oppstart av planarbeid, om du kun har innspel til eit av forholda.
- 3. Godkjenning av planprogram i kommunestyret**

Kommuneplanutvalget behandlar innkomne innspel, gjer eventuelle endringar og sender saka til kommunestyret for endeleg behandling.
- 4. Utarbeiding av planutkast**

Administrasjonen utarbeidar med bakgrunn i planprogrammet, arbeidsnotat og andre utreiingar, og legg desse fram til kommuneplanutvalget for behandling.

Med bakgrunn i enkeltnotata og behandlinga av desse i kommuneplanutvalget, utformar administrasjonen utkast til kommunedelplan med tekst/planbeskrivelse og kart. Utkast blir lagt fram for kommuneplanutvalget til behandling.
- 5. Offentleg ettersyn**

Kommuneplanutvalget legg utkast til kommunedelplan ut til offentlig ettersyn og sender det til aktuelle instansar for uttale. Uttalefrist minst 6 veker.
- 6. Kommunestyret**

Planen blir endeleg vedtatt, eller kommunestyret kan vedta å senda planutkastet tilbake til administrasjonen for å utføra endringar. Om planen blir vedtatt utan at det er teke hensyn til eventuelle motseiingar må planutkastet etter ein nærmare beskrevne prosedyre sendast til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg vedtak/ avklaring.
- 7. Klage på vedtak**

Kommunestyrets vedtak om kommuneplan kan ikkje påklagast.